

**Fylkesordføreren****Sakshandsamar:**

Svein Håggård
E-post: Svein.Hagard@sfj.no
Tlf.: 57638151

Vår ref.

Sak nr.: 16/3230-206
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

41865/18

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 12.09.2018

Prosjektleiar Rune Haugsdal

Vestland fylkeskommune

Utkast til fondsvedtekter

Eg viser til fellesnemnda sitt vedtak i sak 18/18, der det m.a. framgår at fellesnemnda sitt arbeidsutval «får i oppgåve å foreslå vedtekter til fondet jamfør intensjonsavtalens pkt 7».

Vidare viser eg til den gjennomgangen Sogn og Fjordane fylkeskommune sine rådgjevarar frå Advokatfirmaet Lund & Co hadde for arbeidsutvalet i møte 15.06.18. Etter gjennomgangen vart det konkludert med at Sogn og Fjordane fylkeskommune skulle kome tilbake til arbeidsutvalet med eit utkast til vedtekter for fondet.

Fylkesutvalet drøfta innhaldet av vedtektene i møte 31. august 2018. Vedlagt ligg fylkesutvalet sitt utkast.

Eg vonar arbeidsutvalet og etterkvart fellesnemnda vil slutte seg til utkastet. Fellesnemnda sitt vedtak i saka vil truleg ha innverknad på det vedtaket fylkestinget i Sogn og Fjordane seinare kjem til å gjere om Sogn og Fjordane fylkeskommune sin eigarposisjon i Sogn og Fjordane Energi AS.

Med helsing

Jenny Følling
fylkesordførar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg: 1

Kopi til: Tore Eriksen

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune, utkast pr 31.08.18:

Vedtekter - Sogn og Fjordane utviklingsfond

Vedtektene er fastsett av Fellesnemnda dd.mm.åå som ein del av førebuinga av ei samanslåing av Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune til eitt fylke.

§ 1 – Bakgrunn

I samband med forhandlingar om samanslåing av Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune til eitt fylke, vedtok fylkeskommunane ein intensjonsplan. Sogn og Fjordane fylkeskommune har i utgangspunktet relativt høge netto formuesverdiar og høge lokale inntekter. Difor opnar intensjonsplanen for å halde desse verdiane utanfor regionetableringa i 2020 og late dei kome innbyggjarane i Sogn og Fjordane til gode på best mogeleg måte.

§ 2 – Føremål

Fondet skal kunne nyttast til særskilde investerings- og utviklingsprosjekt i Sogn og Fjordane og kan gje støtte til føretak, kommunar og organisasjonar.

Fondet kan ikkje nyttast til fylkeskommunale føremål, kommunal drift eller drift av føretak og organisasjonar. Fylkeskommunen, statlege organ, eller føretak kontrollert av stat eller fylkeskommune kan ikkje få støtte frå fondet. Fondet kan likevel nyttast til høgare utdanning, t.d. til stipendiatar.

Tildelinga skal følgje EØS-regelverket for offentleg støtte.

§ 3 – Det geografiske verkeområdet til fondet

Fondet skal berre nyttast innanfor dei geografiske grensene som utgjorde Sogn og Fjordane fylke per 1. januar 2018, korrigert for dei justeringane som vert gjort 1. januar 2020.

§ 4 – Fondskapitalen

Den 1. januar 2020 består fondet av ein grunnkapital på [sett inn] kroner og [sett inn] aksjar i Sogn og Fjordane Holding AS. Avkastning på grunnkapitalen og utbytte frå eigarskapen i Sogn og Fjordane Holding AS skal inngå i fondet.

Fondet utøver alle aksjonærrettar til Sogn og Fjordane Holding AS og Sogn og Fjordane Energi AS.

Vedtak om å nytte heile eller deler av grunnkapitalen krev 4/5 fleirtal i fylkestinget.

Aksjane i Sogn og Fjordane Holding AS eller Sogn og Fjordane Energi AS kan ikkje seljast utan etter forslag frå fem av dei sju medlemmene i fondsstyret og 4/5-fleirtall i fylkestinget.

Fondsstyret kan nytte den årlege avkastinga frå fondet til føremålet.

§ 5 – Fondsstyret

Fylkestinget vel medlemmene i fondsstyret mellom representantane i fylkestinget.

Fondsstyret skal ha sju medlemmer med personlege varamedlemmer. Minst fem av medlemmene, inklusiv styreleiaren, samt deira personlege varamedlemmer, skal være frå fondet sitt geografiske verkeområde med folkeregistrert adresse der. Medlemmene i fondet skal veljast kvart fjerde år i det konstituerande fylkestinget. Reglane i aksjelova § 20-6 om representasjon av begge kjønn i styret gjeld tilsvarande for fondsstyret.

Fondsstyret treffer avgjerder med alminneleg fleirtal.

Fylkesrådmannen er sekretariat for fondsstyret.

§ 6 – Forvaltning

Grunnkapitalen og den årlege avkastninga frå fondet vert forvalta likt som Vestland fylkeskommune sine eige midlar.

Avkastinga frå fondet kan nyttast til utgifter til sekretariatet og utgreiingar, inkludert dei skattemessige og statsstøtterettslege konsekvensane av verksemda og tildelingane til fondet.

§ 7 – Årsmelding og rapporteringsplikt

Det skal leggjast fram melding om fondet si verksemd til fylkestinget kvart år til orientering.

§ 8 – Endring av vedtekter

Vedtektene kan endrast av fylkestinget etter forslag frå minst fem av sju medlemmar i fondsstyret. Endringar krev 4/5 fleirtal av medlemmene i fylkestinget. Ei endring må vedtakast to gonger, ein gong på kvar side av eit val til fylkestinget, dvs. av to ulike fylkesting.

Det same gjeld ved eit vedtak om å avvikle fondet.

Vedtak om å avvikle fondet kan uansett fleirtal ikkje treffast før år 2035. Det same gjeld vesentlege endringar i vedtektene elles, under dette endringar i §§ 3, 4 og 5 andre avsnitt.